



## Seljord IL

### Dugnad under Dyrsku`n 2017

Det nærmar seg Dyrsku, og Seljord Idrettslag er i full gang med å førebu matsalet som tidlegare år. Vi er svært glade for at du har sagt ja til å arbeide dugnad under Dyrsku`n. Det er denne innsatsen som gjer det mogeleg å halde i gang aktivitetar som barneidrett, fotball, handball, skikarusell, ridegruppe m.m.

Alle aktive medlemar frå 11år og oppover er sett opp på 2 vakter, der den eine går til inntekt for undergruppa. På heimesida vår finn du oppdatert vaktliste som viser kva for tid du er sett opp.

#### OPPMØTE PÅ DYRSKUPLASSEN

Hugs at det kan vera kø både på vegen og inne på plassen. Ver ute i god tid!

1. Eigen parkering for dei som skal jobbe dugnad finn du på jordet nede ved Bygdaråi mot Norbygdi (sjå vedlagt kart). Der får du parkere gratis ved å vise til vaktlista.
2. Møt opp på brakka som står på utsida av Dyrsku`n sitt administrasjonsbygg Storstogo (sjå vedlagt kart) for å registrere deg før dugnadsvakta. Der vil du bli mottatt av vakter som slepp deg gratis inn på Dyrskuplassen ved at du viser til vaktlista.
3. Etterpå går du til personalmottaket til Seljord IL (sjå vedlagt kart) som ligg bak hovudmatutsalet. Der vil du bli sjekka inn og får tildelt arbeidsantrekk og ei innføring i jobben du skal utføre.

Dersom vakta du er sett opp på, ikkje er i samsvar med tidlegare avtalt eller om det har kome hindringar av noko slag, ber vi deg ta kontakt med underteikna innan måndag 21. august.

NB! På heimesida vår [seljordidrettslag.no](http://seljordidrettslag.no) finn du ajourførte vaktlister og anna aktuell info.

Seljord 11. august 2017

Helsing  
Seljord IL v.Tellef Solås  
Mobil: **918 96 135**  
Epost: **post@seljordidrettslag.no**

**Vel møtt til travle dagar ☺**